



RYFYLKE IKS

Protokoll frå representantskapsmøte i Ryfylke IKS

Tid: Onsdag 21.05.2025, kl. 09.00 – 16.00, med avbrudd av Ryfylkequizz kl 11.00 – 14.00

Stad: Judaberg innbyggertorg

Tilstede:

Kristoffer Birkedal, varaordfører i Sandnes
Anita Husøy Riskedal, ordfører i Hjelmeland
Irene Heng Lauvsnes, ordfører i Strand
Torbjørn Indrebø, fungerende ordfører i Suldal
Håvard Handeland, ordfører i Sauda

Kristoffer Amdal, styreleder RIKS
Ingrid Roth , daglig leder RIKS

I tillegg møtte:

Heidi Klaveness, kommunedirektør Strand
Janne Johnsen, kommunedirektør Hjelmeland
Torbjørn Guggedal, konstituert kommunedirektør Suldal
Aina Olene Tveit, konstituert kommunedirektør Sauda

RYFYLKE

Ein attraktiv region der
folk vil bu og arbeide



Saksliste

Sak 12/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 13/25	Godkjenning av møtebok for representantskapsmøte 18/2 og ekstraordinært møte 25/3
Sak 14/25	Godkjenning av protokoll for ekstraordinært representantskapsmøte 25.03.2025
Sak 15/25	Ungdomsprosjektet – orientering – presentasjon av Nina og Andrea
Sak 16/25	Sykepleier utdanning 2026 – drøfting om finansiering
Sak 17/25	Ryfylke IPR – orientering om framdrift
Sak 18/25	Status utdanningssenteret – orientering
Sak 19/25	Styreinstruks Ryfylke IKS
Sak 20/25	Orientering om New Kaupang – presentasjon av Green Hub
Sak 21/25	Strategiprosess for selskapet
Sak 22/25	Eventuelt

Sak 12/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

Sak 13/25 Godkjenning av protokoll for representantskapsmøte 18.02.2025

Vedtak: Representantskapet i Ryfylke IKS vedtok protokoll frå møte i representantskapet 18.02.2025

Sak 14/25 Godkjenning av protokoll for ekstraordinært representantskapsmøte 25.03.2025

Vedtak: Representantskapet i Ryfylke IKS vedtok protokoll for ekstraordinært representantskapsmøte 25.03.2025.

Sak 15/25 Ungdomsprosjektet – orientering

Saksbehandlar: Nina Fjellskaalnes

Vedtak: Representantskapet i Ryfylke IKS tok orienteringa til etterretning.

Ryrekrutt

Ryrekrutt er ein nettverk- og rekrutteringsfest som vart arrangert for første gang 15. april 2025 på Fiskepiren i Stavanger. Målet med arrangementet er å skape ein arena som kan gi ungdom frå Ryfylke meir innsikt i jobb- og nettverksmoglegheiter i regionen og på same tid gi gode kulturopplevingar. I 2025 var det konsert med TØFL og Isah som stod på programmet. Arrangementet rettar seg mot ungdom som studerer vekk, bur i regionen eller ønskjer å utvida nettverket sitt (18-30 år).

Ryrekrutt er eit initiativ frå Ungdomsstyret i Ryfylke og ideen om eit slikt arrangement går tilbake til 3. juni 2022 då Ryfylkerådet sette ned eit utval av unge frå Ryfylke-kommunane. Utvalet ga innspel til kva som kan gjerast for at regionen skal vera ein god stad for unge å bu og arbeida. Dei konklusjonane har Ungdomsstyret i Ryfylke tatt vidare og slik var ideen om RyRekrutt til.

Ungdomsstyret i Ryfylke har vore involvert i planlegginga og kome med innspel til namn, programinnhald, artistar og logistikk. Dei var sjølv med på dugnad og organiserte arrangementet.

Arrangementet har vore eit samarbeid mellom Ryfylke IKS, Ungdomsstyret og Næringsforeningen i Stavanger regionen.

Ryrekrutt 2025 fekk svært god score på gjennomføring, fasilitetar, atmosfære og innhald – og tilbakemeldingane peikar på at det finst eit stort engasjement, og eit behov for, møteplassar mellom ungdom og arbeidsliv i Ryfylke.

Særleg blei kombinasjonen av fagleg del og sosial kveld med konsert trekt fram som noko unikt og verdifullt. Samtidig viser evalueringane fleire punkt der det er rom for betring. Med justeringar og vidareutvikling kan RyRekrutt bli ein sentral og varig arena for tilknytning, rekruttering og tilflytting i regionen. Både deltakarar og utstillarar uttrykkjer ønske om å delta igjen.

Sitat frå deltakar:

«Bra opplegg og informasjon. Interessant å få høre om ulike bedrifter i regionen og hva som er relevant utdanning for dem. Bra med hotell, konsert og mat for å gjøre arrangementet mer spennende og attraktivt»

«Kombinasjon av ett sosialt arrangement og yrkesmesse. Syntes hele stemningen ble "myknet" litt opp av at de som var på stand også koste seg med f.eks. en øl. Det gjorde at avstanden mellom besøkende og utstillere ble mindre, det ble mer snakk.»

Sitat frå utstillar:

«Veldig bra laget til. Bra lokasjon og veldig kjekk opplevelse. God stemning og god mat. Vi gleder oss allerede til å være med til neste år :)»

«Profesjonelt opplegg og bra programleiing. Kjekt å sjå at det finst så mange og Gode bedrifter frå regionen. Dette er bra for deltakarane å få med seg. Det var mange studentar innom, ein del av dei med relevante fag for vår bedrift.»

Statistikk:

- Arbeidsgivarar: 36 stk fordelt på 26 stands
- Deltakarar på Ryrekrutt: 345

Evaluering

Næringsforeningen lagde eit spørjeskjema deltakarane og arbeidsgivarane ga tilbakemeldingar på, og av 6 moglege poeng fekk vi av deltakarane 5,06 og arbeidsgivarane 5,10. Dette er eit fantastisk godt resultat som vi er svært nøgd med.

Evalueringane frå både deltakarar og utstillarar viser at arrangementet i stor grad oppfylte formålet med å skape ein sosial møteplass for rekruttering, nettverksbygging og inspirasjon til vidare jobb- og studieval i Ryfylke.

Prosjektleder: Einar Schibevaag starta som prosjektleder. Nina Fjellskaalnes overtok ansvaret februar 2025. **Prosjektressurs:** Andrea Hebnes Tobekk og Ingrid Roth

Heilt Heim

Kakadu Ignite AS har fått oppdraget om å utvikle løysinga [Heilt Heim](#). Kakadu er ei gründerbedrift frå Ryfylke som har god kjennskap til digitale løysingar og marknadsføring.

I samarbeid med ungdomsstyret i Ryfylke har Kakadu gjennomført ei kartlegging av ungdommane sine behov, motivasjon og ønsker for å ta i bruk Heilt Heim. Det har blitt laga ein prototype basert på kartlegginga. Vidare skal løysinga testast og presenterast for andre relevante aktørar, og det skal produserast innhald og skisserast ein driftsplan. Lansering er planlagt hausten 2025.

Prosjektleder: Einar Schibevaag starta prosjektet, Nina Fjellskaalnes overtok frå februar 2025.

Prosjektressurs: Andrea Hebnes Tobekk og Ingrid Roth

Finansiering: Agenda Vestland, Sparebankstiftelsen SR-Bank, Ryfylkefondet

Sommarjobben.no

Det har blitt inngått eit samarbeid med Ryfylke Næringshage som har tatt på seg oppdraget med å kople kandidatar med arbeidsgivarar i Ryfylke. Engasjementet går 10-mars-10.mai.

I løpet av prosjektperioden er det gjennomført fleire tiltak for å mobilisera både arbeidsgivarar og ungdom. Per 7.mai har omtrent 100 ungdommar registrert interessa si på Sommarjobben.no. Me kan seie heilt sikkert at det er to ungdommar som har fått sommarjobb som Ryfylke Næringshage har vore i direkte kontakt med. Talet er sannsynlegvis større.

Tilbakemeldingar frå bedrifter er gjennomgåande positive. Fleire har allereie bemanna sommarjobbar gjennom eigne kanalar, men uttrykkjer at dei vil nytta plattformen ved eventuelt behov. Mange bedrifter/kommunar hadde allereie ordna med eigne utlysingar til sommarjobben. Sommarjobben.no er framleis ikkje særleg kjent i næringslivet, men mange seier dei vil potensielt bruke Sommarjobben.no framover.

Arbeidet med Sommarjobben.no er tidkrevjande. Dette legg beslag på administrative ressursar. Det bør vurderast om arbeidet skal halda fram med dagens form. Administrasjonen vil vurdere alternativ.

Prosjektleder: Nina Fjellskaalnes, **Prosjektressurs:** Andrea Hebnes Tobekk.

Trainee Ryfylke

Som ein del av handlingsplanen til Ungdomsstyret om å styrka næringslivet i Ryfylke, skal det etablerast eit regionalt trainee-program. Programmet skal gi studentar og nyutdanna eit forpliktande 12-månaders løp der dei får relevant arbeidserfaring, medan bedriftene får utvikla moglege framtidige medarbeidarar. Deltakarane vil få eit sosialt fellesskap gjennom samlingar og nettverksbygging. Målet er å få dei første traineestillingane på plass hausten 2026.

Rammeverket omfattar fagleg og sosial oppfølging gjennom fire samlingar i året, individuell mentor i bedrifta og ei felles koordinering. Programmet skal gjennomførast i tett samarbeid med både offentlege og private aktørar i regionen, og det er eit mål å etablere formelle partnerskap med minst 5–10 arbeidsgivarar. Bedriftene vil bidra økonomisk og fagleg, og mentorane får oppfølging og kursing gjennom programmet. Prosjektet vil henta inspirasjon og vurdere samarbeid med Næringsforeningen i Stavanger og Framtidsfylket i Vestland.

Prosjektleder: Andre Hebnes Tobekk. **Prosjektressurs:** Ketil Barkved og Nina Fjellskaalnes

Tidsperiode: April 2025–desember 2027

Finansiering: Rogaland Fylkeskommune (BOR)

Ungdomsstyret i Ryfylke

Administrasjonen er koordinator og fasiliterer styret sine aktivitetar. Det brukast tid og ressursar på å støtte og følgje opp ungdomsstyret, administrativt og praktisk. Administrasjonen planlegg og kallar inn til møter, lagar sakslister og skriv referat. Administrasjonen sørger for god framdrift i

prosjekta, gir fagleg støtte, og hjelper til med søknadar, budsjett og kommunikasjon. Styret kjem med forslag og er delvis med og gjennomfører egne prosjekt. Ungdomsstyret har ein handlingsplan fram til 2027.

Estimert tid brukt på styret årleg:

- Møteplanlegging og oppfølging: ca. 60 timar
- Prosjektstøtte, administrasjon, kommunikasjon: ca. 40 timar

Styremøtane i 2025 har hatt eit workshop-format og dei har dreidd seg hovudsakeleg om RyRekrutt, ettersom styret har ein sentral og operativ rolle i gjennomføringa. Styret har eigen møteprotokoll som ligg tilgjengeleg på Ryfylke IKS sine nettsider.

For å sikre at ungdomsstyret fungerer godt og opplever eigarskap til arbeidet, ønskjer vi at styret tek ein gjennomgang av si eiga rolle, forventningar og arbeidsform. Dette er også ein moglegheit til å justere eller tydeleggjere korleis ein vil jobbe vidare framover. Dette skal skje på neste styremøte i juni.

Gratis ungdomskort

Løysinga for gratis ungdomskort i Ryfylke vart lansert 01.september 2024.

Status per 30.april 2025:

- Mottatt skjema: 3.987
- Godkjente* skjema: 3.512
- Avviste skjema: 475

Ved avslag på skjemaet skal ungdommen ta kontakt med si kommune, som sender saka vidare til Ryfylke IKS. Administrasjonen i Ryfylke IKS følgjer opp saka med både ungdommen og Stavanger kommune, som eig og driftar løysinga.

Fordeling per kommune:

Strand: 64%

Suldal: 13%

Sauda 11%

Hjelmeland: 8%

Sandnes: 4%

Sak 16/25 Sykepleierutdanning 2026

Saksbehandlar: Ingrid Roth og Einar Schibevaag

Vedtak:

1. Representantskapet i Ryfylke IKS stiller seg positive til å vidareføre arbeidet med distriktsvennleg sjukepleiarutdanning i Ryfylke, med oppstart av nytt kull hausten 2026.
2. Dagleg leiar lager forslag til ein finansieringsplan til møtet 17/6 2025.

Bakgrunn for drøfting

Det er stor mangel på sjukepleiarar i distrikta, og med ein aldrande befolkning vil behovet bli endå større. UIS har saman med Ryfylke IKS gjennomført eit forsøk med desentralisert sjukepleiarutdanning i Ryfylke, og dette kullet er i slutfasen på utdanninga si denne våren.

Behovet for ein ny runde med nytt opptak meiner me er stort, og det er viktig at me tar med oss dei erfaringar som er gjort for det første kullet og kan tilby eit endå betre tilbod når eit nytt kull kan tas opp med oppstart hausten 2026.

Ryfylke vil strekke seg langt for å legge til rette for eit optimalt tilbod, og vil gjerne bidra slik at studentane opplever godt læringsutbytte og kunnskapsdeling mellom studentane og kommunane dei kjem frå.

Me ser for oss at det blir oppnemnt ein ansvarleg i kvar kommune, som saman med regional koordinator, får til optimale forutsetningar når det gjeld:

- Studentfinansiering og permisjon
- Lokalitetar for undervisning og studentaktivitetar
- Praksisorganisering
- Marknadsføring og motivering for å få eit godt søkjargrunnlag

Det blir tilsett ein person i halv stilling som koordinerer arbeidet og er bindeleddet mellom kommunane, studentane og UIS.

Kostnadsramma er på omlag 1.7 millionar kroner over tre år og skal dekke løn, reiser og møter. Dette utgjer 340 000 per kommune og tilsvarande for UIS. I tillegg kjem det motiverings- og marknadsføringsarbeidet som må gjerast av kommunar/regionråd med sikte på å få mange nok kvalifiserte søkjarar til studiet.

Det er óg naturleg å be om at kommunane saman søker om innovasjonsmidlar frå Statsforvaltar for å bygge gode felleskap rundt studentane, slik som støtte til utstyr, studietur og andre sosialiseringsaktivitetar. Studieturen til Amsterdam hausten 2024, viste at ein tidleg i studiet burde fokusert meir på sosialisering og fleire felles arenaer for å bygge optimale studiemiljø.

Spørsmålet her er om me skal gå om kommunane eller direkte og søkje fondet om kommunane sitt bidrag.

Ryfylke IKS har alt bede dei to vidaregåande skulane i regionen om å organisera norsk- og matematikkundervisning på studiespesialiserande nivå, slik at dei som har fagbrev og kan bli kvalifisert for opptak.

I samband med at det i juli blir lagt fram ei evaluering av forsøket med distriktsvenleg sjukepleiarutdanning, utført av Espen Geelmuyden Rød og Sabine Otto-Rød, er det naturleg å drøfte dei funn som er gjort slik at me kan ta lærdom av arbeidet som er gjort i samband med denne piloten.

Dette er oppgåver som frå 1/7 2025 vil være Ryfylke Utdanningssenter sitt arbeid.

Sak 17/25 Framdrift i arbeid med etablering av Interkommunalt politisk råd (IPR)

Vedtak:

1. Representantskapet i Ryfylke IKS tek orienteringa om prosessen med mogleg etablering av eit interkommunalt politisk råd (IPR) til orientering.
2. Representantskapet støttar initiativet, og ber dagleg leiar delta i det førebuande arbeidet saman med kommunedirektørane i deltakarkommunane.
3. Representantskapet ber om å få lagt fram ei sak om vidare prosess og eventuell etablering av IPR til behandling hausten 2025.

Bakgrunn:

Ein representant for kommunedirektørane i Ryfylke-kommunane har meldt at det er sett i gang førebuande arbeid med å vurdere etablering av eit interkommunalt politisk råd (IPR) i regionen. Planen er å starte opp arbeidet i midten av mai 2025, med mål om å leggje fram ei sak til politisk behandling hausten 2025.

I første omgang handlar arbeidet om å få med deltakarar frå dei ulike kommunane, og å undersøke korleis andre regionar har organisert sine IPR-løysingar.

Vurdering:

Ryfylke IKS har ei naturleg rolle i dette arbeidet, og det er viktig at selskapet er involvert i prosessen for å sikre god forankring og samanheng i det regionale samarbeidet.

Sak 18/25 Status Ryfylke Utdanningscenter – orientering

Saksbehandlar: Ingrid Roth

Anita Husøy Riskedal og Håvard Handeland er styremedlem i Ryfylke Utdanningscenter IKS og derfor inhabile i saken

Vedtak: Representantskapet i Ryfylke IKS tar orienteringen til etterretning

Orientering

- Avtalen mellom Ryfylke IKS og Strand VGS om midlertidig ansettelse av Einar Schibevaag blir overført til Ryfylke Utdanningscenter IKS, med varighet ut avtaleperioden.
- Ryfylke Utdanningscenter har ansatt midlertidig daglig leder i 30% stilling fra 1/4 fram til permanent daglig leder blir ansatt
- De skal ha kontor sammen med RIKS på Hjelmeland og ønsker samarbeid på flere administrative områder.
- Ryfylke IKS skal drifte alle utdanningene som løper fram til 30/6. Dette blir vi kompensert for.

Sak 19/25 Styreinstruks Ryfylke IKS

Saksbehandler: Ingrid Roth

Framlegg til vedtak:

Representantskapet i Ryfylke IKS vedtar framlagte forslag til styreinstruks for Ryfylke IKS

Saksframlegg:

STYREINSTRUKS FOR RYFYLKE IKS

1. Formål

Denne styreinstruksen fastsetter retningslinjer for styrets arbeid, ansvar og myndighet i Ryfylke IKS, i samsvar med selskapsavtalen og gjeldende lovgivning.

2. Styrets sammensetning og funksjonstid

Styret består av fem medlemmer med personlige varamedlemmer, valgt av representantskapet i henhold til selskapsavtalens § 7. Styret har 5 medlemmer. Det skal til enhver tid være samansett av et tilsvarende antall personer som det er deltakere i selskapet. Det skal også velges minst 2 numeriske varamedlemmer.

Representantskapet (Ryfylkerådet) velger styrets medlemmer og varamedlemmer for 2 år om gangen. Reglene om kjønnsbalanse for medlemmer og for varamedlemmer gjelder for styret. Tjenestetiden er fram til nytt styre er valgt.

3. Styrets oppgaver

Styret er ansvarlig for forvaltningen av selskapet og skal:

- Sikre en forsvarlig organisering av selskapets virksomhet.
- Påse at selskapet drives i samsvar med lovgivning, selskapsavtalen, vedtak fra representantskapet, samt selskapets budsjett og økonomiplan.
- Føre tilsyn med daglig leders arbeid.
- Arbeidsgiveransvaret for daglig leder, slik som personal- og medarbeideroppfølging, lederutvikling og lønnsfastsetting er styret sitt ansvar. Fastsatt årsbudsjett definerer rammen for dette.
- Sikre forsvarlig bokføring og økonomiforvaltning.
- Behandle saker av vesentlig betydning for selskapet.
- Legge fram forslag for representantskapet om investeringer, avhending av kapitalgjenstander, samt ansettelse og oppsigelse av daglig leder.
- Myndighet lagt til styret følger ellers av IKS loven §13 om ikke annet er lagt til representantskapet (Ryfylkerådet) selv i selskapsavtalen.

- Styret har plikt til å gi sin innstilling om årsbudsjett og økonomiplan jfr. IKS loven §§ 19 og 20 til representantskapet (Ryfylkerådet) og til å legge fram revidert årsregnskap og årsberetning til representantskapet (Ryfylkerådet) jfr. loven §27 med forskrifter.
- Styret har ansvaret for at selskapet har dokumentert økonomi- og finansreglement, og internkontrollrutiner som sikrer fullmakter og klare ansvarsforhold i selskapet.

4. Styrets myndighet

Styret har myndighet til å fatte beslutninger innenfor de rammer som er satt i selskapsavtalen. Følgende vedtak krever representantskapets godkjenning:

- Avhending eller pantsettelse av fast eiendom eller andre kapitalgjenstander av vesentlig verdi.
- Investeringer av vesentlig betydning for selskapet eller deltakerkommunene.
- Ansettelse eller oppsigelse av daglig leder.

5. Styremøter

- Styrets leder innkaller til møter så ofte det er nødvendig.
- Ethvert styremedlem eller daglig leder kan kreve styremøte innkalt.
- Innkalling skal sendes ut med rimelig varsel og inneholde sakliste.
- Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av medlemmene er til stede.
- Reglene om inhabilitet ved håndtering av saker i styret følger av loven §15.
- Vedtak fattes med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet er møtelederens stemme avgjørende.
- Det skal føres protokoll fra styremøtene, som underskrives av minst to styremedlemmer.
- Styret skal årlig evaluere eget arbeid

6. Daglig leders rolle og myndighet

Daglig leder har ansvar for den daglige driften og skal:

- Følge styrets retningslinjer og pålegg.
- Sikre at virksomheten drives i samsvar med selskapsavtalen og styrets beslutninger.
- Foreta beslutninger innenfor den daglige driften, men skal forelegge styret saker av uvanlig art eller stor betydning.
- Rapportere til styret om selskapets utvikling og økonomiske situasjon.

7. Habilitet og taushetsplikt

- Styremedlemmer plikter å vurdere sin habilitet i behandlingen av saker og fratre ved interessekonflikter.
- Styrets medlemmer og varamedlemmer har taushetsplikt om konfidensielle opplysninger.

8. Revisjon og regnskap

- Selskapet skal føre regnskap i samsvar med gjeldende regnskapslovgivning.
- Styret skal sikre at selskapet har en ekstern revisor valgt av representantskapet.

9. Endring av styreinstruks

Styreinstruksen godkjennes av representantskapet og kan endres av representantskapet ved behov.

Sak 20/25 Orientering om New Kaupang

Saksbehandlar: Ketil Barkved

Vedtak: Representantskapet i Ryfylke IKS tar orienteringen til etterretning.

ORIENTERING TIL STYRET I RYFYLKE IKS

14/5/2025 – Ketil Barkved

Om NEW Kaupang

- Eier Ryfylke IKS
- Stiftet 2019
- Legger til rette for kraftkrevende industri i Rogaland.
- Assisterer kommuner med å finne, utvikle og markedsføre areal og infrastruktur for industribygging.
- Selskapet er et aksjeselskap med non-profit forretningsmodell.
- I 2025 er det 8 medlemskommuner: Sauda, Suldal, Hjelmeland (D), Strand(D), Stavanger, Sandnes, Bjerkreim og Sokndal samt 1 bedriftsmedlem Weatherlands i Time.
- Det er 1 fulltidsansatt daglig leder.

AREAL & TOMTER

5000+ mål regulert eller under regulering for kraftintensiv industri. Det er opsjoner/prosjekter på tomter i Sauda, Hjelmeland, Strand (2 stk), Time og Bjerkreim.

FINANSIERING

Budsjettet for 2025: 1 500 000 NOK (halvparten i forhold til tidligere 6 år). 1 mill er tilskudd fra Ryfylkefondet og 500.000 fra medlemsavgift kommuner og bedrifter. 2 kommuner har digitalt medlemskap (Hjelmeland og Strand), resterende har fullt medlemskap. I tillegg er det / vil det bli

hentet inn finansiering på prosjektene Fjellhaller, Fleksibilitet industriparker + ulike konsulentoppdrag på tilsammen ca 800.000,-

AKTIVITETER

Fjellhaller: Lage kunnskapsgrunnlag for analyse og vurdering for industriell anvendelse. Multiconsult Bergen har oppdraget.

Fleksibilitetspotensial: Potensial i industriområder for nye etableringer / utvidelser i bruk der lite effekt er tilgjengelig p.t. Evaluerer 3 industriområder for ledig kapasitet. Flexparter i Stavanger har oppdraget.

Markedsføring: Oppdatering av site-selector miljøet i Norge/internasjonalt

Nye kontakter knyttes digitalt og på ulike møteplasser. Deltakelse på viktige møtesteder er prioritert også i 2025.

Utvikling areal: Nye og eksisterende areal, fokus på energi/effekttilgang. Oppdatering på reguleringsformål for datasenter gjør det nødvendig å forta revisjoner.

Ryfylke IKS-oppdrag: Utfører etter inngått avtale

Nyhetsepost: Sendes daglig til 600 mottakere

GreenHUB: Dataanalyse og visualisering. Startet med kunnskapsbygging på bruk av AI til data analyse og visualisering.

Med nytt styre er det antatt at en strategiprosess blir startet.

PROSJEKT FJELLHALLER

Vi mottok 13 mai første utkast til kunnskapsgrunnlag fra Multiconsult Bergen. Dette vil bli revidert og når det er klart delt med Ryfylkekommunene for iverksetting av kartlegging i regionen. Kombinert med prosjektet for kartlegging av Fleksibilitetspotensial i industriparker kan dette gi nye muligheter for framtidige areal.

Sak 21/25 Strategiprosess Ryfylke IKS

Saksbehandlar: Ingrid Roth

Vedtak:

1. Representantskapet sluttar seg til hovudretninga i strategiprosessen slik ho er skildra i saksframlegget, og tek saka til orientering.

2. Dagleg leiar får i oppdrag å gjennomføre strategiarbeid i tråd med føringane i saka og vedtak 22/24.
3. Strategien skal innehalde overordna mål, effektmål, visjon og prioriterte satsingar.
4. Det skal utarbeidast ein konkret handlingsplan som viser korleis strategien skal gjennomførast, med tiltak, tidsrammer og ressursbruk.
5. Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsstrategi som støttar implementeringa og synleggjeringa av strategien.
6. Framlegg til ny strategi, inkludert kommunikasjonsstrategi og rammer for handlingsplan, skal leggas fram for representantskapet i oktober 2025.

Strategiprosess for Ryfylke IKS 2025–2030

Bakgrunn

Ryfylke IKS skal vera ein drivkraft for eit livskraftig Ryfylke – ein region med framtidstru, livsglede og attraktive arbeids- og bumiljø.

Ryfylke IKS arbeider for å skapa fleire arbeidsplassar, møte kompetansebehov og leggja til rette for næringsutvikling i Ryfylke. Målet er å gjera regionen meir attraktiv for både busetnad og arbeid. Selskapet er eigd av kommunane Suldal, Hjelmeland, Strand, Sauda og Sandnes (Forsand), og har som føremål å styrka Ryfylkeregionen gjennom interkommunalt samarbeid og regional utvikling på vegne av deltakarane.

Selskapet opererer i eit komplekst landskap med mange aktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Gjeldande strategi med tilhøyrande handlingsplan blei vedteken i 2020 og byggjer mellom anna på FN's berekraftsmål 8 og 9. Før vedtaket i 2020 var det ein grundig prosess for å sikre forankring og avklare kva Ryfylke IKS skal prioritere.

Etter ei utfordrande periode og med ny dagleg leiar på plass, har representantskapet bede om at det blir utarbeidd ein ny strategi for perioden 2025–2030. Denne skal stake ut kursen for vidare arbeid og utvikling i selskapet, og vere ferdigstilt innan hausten 2025.

Om strategiarbeidet

Strategien skal baserast på bestillinga frå representantskapet og danne grunnlag for både kommunikasjonsarbeid og ny handlingsplan. Vedtak 22/24 frå hausten 2024 slår fast to overordna satsingsområder for det vidare strategiarbeidet:

1. Næringsarbeid

- a) Rekruttering i samarbeid med næringsliv og kommunar.

- b) Kartlegging, presentasjon og marknadsføring av næringsareal, samt innsats for straumtilgang til sluttbrukar.
- c) Særleg satsing på havbruk, med vekt på lokalisering og infrastruktur.
- d) Utviklingsprosjekt innan energikrevjande industri, landbruk, råvareteknologi, havbruk og reiseliv.

2. Mobilitet

- a) Utvikling av framtidens kollektivtransport saman med kommunar og næringsliv.
- b) Samarbeid om vegar, tunellar, rassikring og anna mobilitetsinfrastruktur opp mot sentrale styresmakter.

På bakgrunn av desse punkta er tre stikkord sentrale for det vidare arbeidet:

- **rekruttering**
- **næringsinfrastruktur**
- **mobilitet.**

Strategiprosess og gjennomføring

Strategien skal byggja på desse prioriteringane, og danna grunnlag for både vidare kommunikasjonsarbeid og ein konkret handlingsplan. Handlingsplanen skal vise korleis måla skal følgjast opp gjennom tiltak, tidsplan og ressursbruk. Denne skal utviklast parallelt med strategien og vedtakast i etterkant.

For å sikra forankring og kvalitet i arbeidet, skal strategiprosessen innehalde følgjande hovudelement:

- Klare forventningsavklaringar og rollefordeling frå starten av
- Forankring hos eigarkommunar, styret, tilsette og samarbeidspartnarar
- Klart definerte mål, effektmål og visjon
- Prioriteringar og vegval for framtidig innsats
- Tilknyting til aktuelle støtteordningar
- Kommunikasjonsstrategi for å sikre synleggjering, eigarskap og legitimitet
- Utarbeiding av handlingsplan for gjennomføring

Kommunikasjonsstrategi

For å sikre eigarskap, legitimitet og gjennomslag for strategien, skal det også utarbeidast ein kommunikasjonsstrategi. Denne skal gjelde både for lansering og for oppfølging av mål, aktivitetar og resultat i gjennomføringsfasen. God kommunikasjon vil auke forståing, engasjement og vere eit verktøy for å justere kursen ved behov. Ein tydeleg og målretta

kommunikasjonsstrategi vil òg bidra til å posisjonere Ryfylke som ein framtidsretta og attraktiv region.

Handlingsplan

Strategiarbeidet skal munne ut i eit konkret dokument som beskriv dei spesifikke tiltaka og aktivitetane som skal gjennomførast for å nå dei måla som er sett i strategien. Handlingsplanen skal innehalde klare mål, tidsrammer, ansvarlege funksjoner, ressursar som trengs, samt målepunkt for å evaluere framdrift og suksess.

Sak 22/25 Eventuelt

Det ble meldt inn to saker:

1. Kristoffer Birkedal orienterte om kommunestyrevedtak i Sandnes kommune mandag 19/5 2025 hvor de vedtar å melde seg ut av Ryfylke IKS. Sandnes vil da være medlemmer ut året 2026.
2. Kommunedirektørene la fram en orientering hvor de har jobbet med en sak om marine grunnkart og presenterte arbeidet så langt. Tilbakemeldingen fra Representantskapet på orienteringen er at de ber Ryfylke IKS legge fram en sak om marine grunnkart i Ryfylkebassenget.

Judaberg 21/5 2025

Referent Ingrid Roth